

# Delårsrapport 1. kvartal 2022



**Ørskog**  
**Sparebank**  
- tid til deg

## Delårsrapport – 1. kvartal 2022

### Resultat

### Aktivitetsnivå


### Kapital og likviditet



- 1,2 mill bedre resultat enn i fjor
- 1,1 mill auke i driftskostnader
- Styrking av rentenetto



- Låg aktivitet i marknaden gir låg vekst
- 12 mnd. vekst i utlån 9,74 %
- 12 mnd. vekst i innskot 6,74 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 152
- Rein kjernekapital 18,25 %
- Kjøp av aksjar og auka eigarandel i Eika

## Delårsrapport 1. Kvartal 2022

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 4,25 mill. kr. pr. 31.03.22. Dette er 1,24 mill kr. betre enn pr. 31.03.2021. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 9,75 % men er prega av litt lågare aktivitet i marknaden siste kvartal. Rentenettoen har styrka seg grunna stigande marknadsrenter. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 18,25 %.

### Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2022 eit resultat før tap og skatt på kr. 6,925 mill. Resultat før tap og skatt var pr. 31.03.2021 på kr. 5,657 mill.

Resultat etter tap og skatt er pr. 31.03.2022 kr. 4,25 mill., samanlikna med kr. 3,008 mill. kr. året før.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigeomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg. Det er difor banken sine tal som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt

### Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart kr. 14,304 mill. noko som er høgare enn pr. utgangen av 1. kvartal 2021 (kr 12,223 mill). Dette utgjør 1,87% av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 1,68 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg dei siste 12 månadane grunna auka marknadsrenter og ei re-prising av portefølja med lån og innskot.

Norges Bank sette i mars opp styringsrenta til 0,75 % som følgje av inflasjonen og høg aktivitet i norsk økonomi. Banken har den 04.04. auka rentene både utlån og innskot, og ventar eit positivt resultatbidrag frå juni måned grunna varslingsplikta.

Krigen i Ukraina har innverka negativt på etterspurnaden etter lån og kreditt, samstundes som den har gitt store konsekvenser for prisane i energi- og råvaremarknadene. Banken har ikkje

direkte eksponering mot kundar eller føretak som er direkte råka av krigen, men ser fleire negative effektar som vil innverke på norsk økonomi i tida framover.

Provisjonsinntektene er kr. 5,091 mill. mot kr. 4,638 mill kr. pr. 31.03.2021. Banken sin vekst innanfor skadeforsikring og fondssparing held fram, og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt aukar grunna utlånsvekst, men marginen på låna har minka grunna dei auka marknadsrentene.

### Driftskostnader

Driftskostnadene aukar med kr. 1,1 mill. og utgjør kr. 11,901 mill. mot kr. 10,812 mill. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,56 % mot 1,49 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 62,4 % pr. 31.03.2021 mot 66,13 % pr. 31.03.2021.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2020 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt gjennomført i 2022/2023, men banken kostnadsfører løpande førebuande aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten, og styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

### Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 1. kvartal 2022 utgjør kr. 1,258 mill. mot kr. 1,638 mill. same tidspunkt i fjor. Dette utgjør 0,046 % av brutto utlån. Banken gjer løpande vurderingar av dei einskilde låneengasjementa i banken, og det er netto effekten av både inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader og nye tapsavsetnader som kjem fram i beløpet.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånportefølje grundig, og ein forventar at

framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

### **Balansen**

Forvaltningskapitalen utgjer kr. 3.212 mill. mot kr. 3.038 mill. på same tidspunkt i fjor.

### **Utlån**

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 1. kvartal på kr. 2.716 mill., ein auke på 173 mill. kr. (+6,81 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjer kr. 2.115 mill. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjer kr. 608 mill. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjer 22 % av banken sine utlån i eigen balanse mot 22 % 31.03.2021.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 1. kvartal på kr. 839 mill., ein auke på kr. 143 mill. frå same tidspunkt i fjor. Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjer til saman 3.556 mill. kr. noko som er ein auke på kr. 316 mill. siste 12 månader. Dette tilseier ein vekst på 9,74 %.

I januar og februar var aktiviteten i marknaden og banken sin kapasitet prega av høg koronasmitte. Dette førte til mindre aktivitet på bustadmarknaden og for det generelle konsumet bland kundane. I mars var nyheitsbiletet prega av krigen i Ukraina, høge drivstoffprisar, auka inflasjon og renteauke frå Norges Bank. Samla sett er dette faktorar som har prega etterspurnaden etter lån og kreditt i negativ retning, og gir seg utslag i lågare vekst enn forventa i kvartalet.

### **Kredittforringa kundar**

Banken har eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 31.03.2022 er det berre eitt einskild låneengasjement som står i restanse meir enn 30 dagar.

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet. Styret er nøgd med porteføljekvaliteten og det arbeidet banken legg ned for å overvake kreditttrisikoen.

### **Likviditet og innskot**

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken

har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreiding i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med kr. 142 mill. siste 12 mnd., og utgjer no kr. 2.250 mill. Dette er ein auke på 6,74 %. Innskotsdekninga er på 82,65 % pr. 31.03.2021 mot 82,70 % pr. 31.03.2021.

Eit stigande rentenivå gir auka interesse for bank sparing som aktivklasse, og har ført til ei betring i banken sin rentenetto.

### **Verdipapir**

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer kr. 90,854 mill. pr. 31.03.2022. Banken si obligasjonsportefølje utgjer kr.253,8 mill. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på kr. -0,25 mill. pr. 31.03.2022. Dette er ein auke på kr. 0,183 mill. samanlikna med i 31.03.2021.

Ørskog Sparebank har den 15.03.2022 kjøpt 84.851 aksjar i Eika Gruppen AS i ein rebalanseringsprosess, som følgje av at Lokalbankalliansen har solgt sine aksjar. Banken sin eigarandel aukar frå 0,34 % til 0,67 % pr. 31.03.2022.

Styret vurderer investeringa i aksjane som eit viktig strategisk kjøp for å styrke og vidareutvikle Eika i lag med dei andre bankane i alliansen. Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS banken eigde frå før gir ein vinst over utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane.

### **Soliditet**

Eigenkapitalen er på kr. 366 mill. kr. pr. 31.03.2022 som utgjer 11,39 % av forvaltningskapitalen

Pr. 31.03. har banken ei kapitaldekning på 20,6 % (21,94 %), og rein kjernekapitaldekning på 18,25% (19,46 %). Dette er ei svekking samanlikna med same periode i fjor, som skuldast kjøpet av aksjar i Eika Gruppen AS.

Konsoliderte tall per 31.03.2022, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 20,23 % (20,83 %), og ei rein kjernekapitaldekning som utgjer 17,67x % (18,19 %). Rekneskapen er ikkje

revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

### **Risikovurdering**

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivningar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa. Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Etterdønningane frå Covid-19 utbrotet synes at kredittrisikoen ikkje auka like mykje som ein kunne vente.

Den operasjonelle risikoen har vore noko høgare 1. kvartal som følgje av Covid-19 utbrotet. Banken har fylgt offentlege føresegner og hatt fleire tilsette på heimekontor og stengte dører i delar av perioda. Sjukefråværet har og vore sterkt prega av Covid-19 utbrotet i kvartalet, mens situasjonen ser ut til å ha stabilisert seg mot slutten av kvartalet.

### **Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året**

Marknadssituasjonen gir som nemnt tidlegare i rapporten ei rekke økonomiske effektar for samfunnet som vil verke inn over tid. Stigande renter, auka inflasjon og forventingar om lønsvekst må sjåast i lys av at arbeidsløysa er låg og at kapasitetsutnyttinga i næringslivet er høg.

Aukande marknadsrenter har styrka banken sin rentenetto, men det er framleis stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring. Styret meiner banken har ein sunn utlånsvekst, og styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er styrka gjennom den siste tida. Banken ventar at resultatet frå Eika Gruppen vil kunne bli tilfredsstillande, og at ein vil kunne få eit godt utbytte frå føretaka i alliansen også for 2022.

Styret ventar at aktiviteten vil ta seg opp til meir normale nivå utover året, og at banken sin aktivitet vil auke basert på etterspurnad etter lån frå nye kundar, og at veksten i provisjonsinntekter vil halde fram.

Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2022 vil bli noko betre enn i 2021. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, ventar styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2022 og framover.

### Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 28.04.2022 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2022. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2022 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken og konsernet sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2022.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvissande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 28.04.2022



Torstein L. Stavseng  
Styreleiar



Arne Jan Sollied  
Nestleiar



Ingegjerd Eidsvik  
Styremedlem



Siw Pek  
Tilsette sin repr.



Ingunn Fladmark  
Styremedlem



Hans Fr. Furstrand  
Styremedlem



Eirik Kavli  
Banksjef

## Resultatregnskap

<b>Resultat Morbank</b>		<b>1. kvartal</b>	<b>1. kvartal</b>	<b>Året</b>
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>31.3.22</b>	<b>31.3.21</b>	<b>31.12.21</b>
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		20.275	16.875	70.335
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		822	511	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		6.793	5.163	20.643
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>14.304</b>	<b>12.223</b>	<b>51.829</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.091	4.638	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		521	742	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	185	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-248	-65	965
Andre driftsinntekter		201	229	606
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>4.522</b>	<b>4.246</b>	<b>23.640</b>
Lønn og andre personalkostnader		6.604	5.622	20.086
Andre driftskostnader		4.905	4.713	19.409
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		392	477	1.830
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>11.901</b>	<b>10.812</b>	<b>41.325</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>6.925</b>	<b>5.657</b>	<b>34.143</b>
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	1.258	1.638	3.602
<b>Resultat før skatt</b>		<b>5.667</b>	<b>4.019</b>	<b>30.541</b>
Skattekostnad		1.417	1.011	6.926
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>4.250</b>	<b>3.008</b>	<b>23.615</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	3.571	463	1.002
Skatt				601
<b>Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>3.571</b>	<b>463</b>	<b>-801</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>7.821</b>	<b>3.471</b>	<b>22.813</b>

<b>Resultat - Konsern</b>		<b>1. kvartal</b>	<b>1. kvartal</b>	<b>Året</b>
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>31.3.22</b>	<b>31.3.21</b>	<b>31.12.21</b>
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		19.724	16.320	68.115
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		828	511	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		6.810	5.163	20.643
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>13.742</b>	<b>11.668</b>	<b>49.609</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.091	4.638	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		521	742	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	185	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-248	-65	965
Andre driftsinntekter		1.280	919	3.363
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>5.602</b>	<b>4.935</b>	<b>26.396</b>
Lønn og andre personalkostnader		6.604	5.622	20.086
Andre driftskostnader		5.179	4.756	19.580
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		864	949	3.716
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>12.647</b>	<b>11.326</b>	<b>43.382</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>6.697</b>	<b>5.277</b>	<b>32.624</b>
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	1.258	1.638	3.602
<b>Resultat før skatt</b>		<b>5.440</b>	<b>3.639</b>	<b>29.021</b>
Skattekostnad		1.417	1.011	6.926
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>4.023</b>	<b>2.628</b>	<b>22.095</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	3.571	463	1.002
Skatt		0	0	601
<b>Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>3.571</b>	<b>463</b>	<b>-802</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>7.594</b>	<b>3.092</b>	<b>21.293</b>
<i>Resultat etter skatt</i>				
<b>Majoriteten sin andel av resultatet i perioden</b>		<b>4.078</b>	<b>2.727</b>	<b>22.392</b>
<b>Minoriteten sin andel av resultatet i perioden</b>		<b>-55</b>	<b>-99</b>	<b>-297</b>
<i>Totalresultat</i>				
<b>Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden</b>		<b>7.649</b>	<b>3.191</b>	<b>21.590</b>
<b>Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden</b>		<b>-55</b>	<b>-99</b>	<b>-297</b>

## Balanseoppstilling

### Balanse - Eiendeler Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	31.3.22	31.3.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		75.555	70.655	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		54.089	78.711	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		55.107	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.661.687	2.543.665	2.622.585
Rentebærende verdipapirer	Note 9	253.843	265.788	254.271
Finansielle derivater		71	42	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	90.854	57.647	66.604
Varige driftsmidler		11.665	13.410	12.057
Andre eiendeler		9.398	8.147	10.863
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3.212.269</b>	<b>3.038.064</b>	<b>3.120.488</b>

### Balanse - Gjeld og egenkapital Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>		31.3.22	31.3.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		225.024	255.183	224.855
Innskudd fra kunder		2.250.265	2.108.231	2.170.290
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	300.730	273.576	300.597
Finansielle derivater		270	307	283
Annen gjeld		20.166	15.357	12.458
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		3.483	700	7.225
Andre avsetninger		2.467	2.189	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.105	40.087	40.105
<b>Sum gjeld</b>		<b>2.846.410</b>	<b>2.698.568</b>	<b>2.761.650</b>
Opptjent egenkapital		361.609	336.488	358.838
Periodens resultat etter skatt		4.250	3.008	0
<b>Sum egenkapital</b>		<b>365.859</b>	<b>339.496</b>	<b>358.838</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>3.212.269</b>	<b>3.038.064</b>	<b>3.120.488</b>

### Balanse - Eiendeler - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	31.3.22	31.3.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		75.555	70.655	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		54.089	78.711	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		55.107	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.620.332	2.500.911	2.580.881
Rentebærende verdipapirer	Note 9	253.843	265.788	254.271
Finansielle derivater		71	42	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	82.354	49.147	58.104
Varige driftsmidler		60.172	63.803	61.035
Andre eiendeler		10.225	8.974	11.667
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3.211.749</b>	<b>3.038.030</b>	<b>3.120.066</b>

### Balanse - Gjeld og egenkapital - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>		31.3.22	31.3.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		225.024	255.183	224.855
Innskudd fra kunder		2.248.230	2.105.139	2.167.838
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	300.730	273.576	300.597
Finansielle derivater		270	307	283
Annen gjeld		20.429	15.796	13.007
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		3.483	700	7.225
Andre avsetninger		2.467	2.189	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.105	40.087	40.105
<b>Sum gjeld</b>		<b>2.844.637</b>	<b>2.695.914</b>	<b>2.759.747</b>
Opptjent egenkapital		360.441	336.587	357.616
Periodens resultat etter skatt		4.023	2.628	0
Ikke kontrollerte interesser		2.648	2.901	2.703
<b>Sum egenkapital</b>		<b>367.112</b>	<b>342.116</b>	<b>360.319</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>3.211.749</b>	<b>3.038.030</b>	<b>3.120.066</b>



## EIGENKAPITALOPPSTILLING

Morbank	<u>Opptjent egenkapital</u>		
	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
<i>Tall i tusen kroner</i>			
<b>Egenkapital 31.12.2021</b>	<b>350.157</b>	<b>8.681</b>	<b>358.838</b>
Resultat etter skatt	4.250	0	4.250
Estimatavvik pensjon	-2.404	2.404	0
Endring i utsatt skatt estimatavvik	601	-601	0
Verdiendring tilgjengelig for salg	0	3.571	3.571
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>	<b>2.447</b>	<b>5.374</b>	<b>7.821</b>
Utbetaling av gaver	-800	0	-800
<b>Egenkapital 31.03.2022</b>	<b>351.804</b>	<b>14.055</b>	<b>365.859</b>
<b>Egenkapital 31.12.2020</b>	<b>326.542</b>	<b>9.483</b>	<b>336.025</b>
Overgang til IFRS			
<b>Egenkapital 31.12.2020</b>	<b>326.542</b>	<b>9.483</b>	<b>336.025</b>
Resultat etter skatt	3.008		3.008
Verdiendring tilgjengelig for salg		463	463
<b>Totalresultat 31.03.2021</b>	<b>3.008</b>	<b>463</b>	<b>3.471</b>
<b>Egenkapital 31.03.2021</b>	<b>329.550</b>	<b>9.946</b>	<b>339.496</b>

Konsern	<u>Opptjent egenkapital</u>			
	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	Sum egenkapital
<i>Tall i tusen kroner</i>				
<b>Egenkapital 31.12.2021</b>	<b>348.934</b>	<b>8.681</b>	<b>2.703</b>	<b>360.318</b>
Resultat etter skatt	4.078		-55	4.023
Estimatavvik pensjon	-2.404	2.404		0
Endring i utsatt skatt estimatavvik	601	-601		0
Verdiendring tilgjengelig for salg		3.571		3.571
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>	<b>2.275</b>	<b>5.374</b>	<b>-55</b>	<b>7.594</b>
Utbetaling gaver	-800			-800
<b>Egenkapital 31.03.2022</b>	<b>350.409</b>	<b>14.055</b>	<b>2.648</b>	<b>367.112</b>
<b>Egenkapital 31.12.2020</b>	<b>326.542</b>	<b>9.483</b>	<b>0</b>	<b>336.025</b>
Resultat etter skatt	2.727		-99	2.628
Verdiendring tilgjengelig for salg		463		463
<b>Totalresultat 31.03.2021</b>	<b>2.727</b>	<b>463</b>	<b>-99</b>	<b>3.091</b>
Salg av aksjer i datterselskap til ikke kontrollerte interesser			3.000	3.000
<b>Egenkapital 31.03.2021</b>	<b>329.269</b>	<b>9.946</b>	<b>2.901</b>	<b>342.116</b>

## NØKKELTAL

	1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	62,40 %	66,13 %	57,69 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	25,01 %	25,23 %	27,65 %
Innskuddsmargin hittil i år	0,48 %	-0,02 %	0,03 %
Utlånsmargin hittil i år	1,97 %	2,23 %	2,22 %
Netto rentemargin hittil i år	1,87 %	1,68 %	1,69 %
Egenkapitalavkastning <sup>1</sup>	8,75 %	4,17 %	6,57 %
<sup>1</sup> Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
<b>Balanse</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,33 %	22,27 %	22,71 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	28,41 %	26,00 %	28,55 %
Innskuddsdekning	82,65 %	82,70 %	80,93 %
Innskuddsvekst (12 mnd)	6,74 %	5,67 %	3,81 %
Utlånsvekst (12 mnd)	6,81 %	3,94 %	3,42 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	9,74 %	9,56 %	8,33 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.100.341	2.951.286	3.059.333
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.931.401	3.623.473	3.794.771
<b>Nedskrivninger på utlån og mislighold</b>			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,19 %	0,26 %	0,56 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,22 %	0,22 %	0,30 %
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
<b>Soliditet<sup>1</sup></b>			
Ren kjernekapitaldekning	17,67 %	18,19 %	18,49 %
Kjernekapitaldekning	17,91 %	18,39 %	18,73 %
Kapitaldekning	20,23 %	20,83 %	21,11 %
Uvektet kjernekapitalandel	8,61 %	8,92 %	8,89 %
<sup>1</sup> Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
<b>Likviditet</b>			
LCR	152	158	166
NSFR	140	146	143

## NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo bør. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjonar eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 31.mars 2022. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 1. kvartal 2022 ble godkjend av styret 28.04 2022.

## NOTE 2 – Regnskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 31. mars 2022 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2021.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Det henvisast til årsrapporten for 2021 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

## NOTE 3 – Datterselskap / Tilknytta selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

## NOTE 4 – Transaksjonar med nærstående partar

Innskot og utlån, samt transaksjonar mellom nærstående har same vilkår som overfor eksternt tredjepart.

	31.03.2022	31.03.2021
Renteinntekter	551	555

### Balanseposter

#### Eiendeler:

Utlån	41.354	42.754
Ubenyttet kreditt	0	0
Garantier	0	0

#### Gjeld:

Innskudd fra kunder	2.035	3.092
Kortsiktig gjeld	0	0

## NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

### Mislighold over 90 dager

	1. kvartal 2022	1. kvartal 2021	Året 2021
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	4.507	4.007	4.127
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	493	4.065	4.668
Nedskrivninger i steg 3	-535	-105	-2.543
<b>Netto misligholdte engasjementer</b>	<b>4.464</b>	<b>7.967</b>	<b>6.252</b>


### Andre kredittforringede

	1. kvartal 2022	1. kvartal 2021	Året 2021
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	9.181	16.733	14.111
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	12.607	7.696	6.712
Nedskrivninger i steg 3	-3.025	-1.405	-2.396
<b>Netto andre kredittforringede engasjement</b>	<b>18.763</b>	<b>23.023</b>	<b>18.426</b>

## NOTE 6 – Fordeling utlån kundar

### Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	1. kvartal 2022	1. kvartal 2021	Året 2021
Landbruk	59.170	26.835	61.822
Industri	21.240	21.994	21.481
Bygg, anlegg	81.009	81.081	78.225
Varehandel	65.770	70.437	76.201
Transport	8.783	9.979	9.124
Eiendomsdrift etc	306.442	311.888	307.008
Annen næring	65.562	45.373	55.096
<b>Sum næring</b>	<b>607.977</b>	<b>567.586</b>	<b>608.958</b>
Personkunder	2.114.804	1.981.632	2.072.635
<b>Brutto utlån</b>	<b>2.722.781</b>	<b>2.549.218</b>	<b>2.681.593</b>
Steg 1 nedskrivninger	-1.068	-2.330	-1.004
Steg 2 nedskrivninger	-1.772	-1.717	-1.863
Steg 3 nedskrivninger	-3.147	-1.506	-4.924
<b>Netto utlån til kunder</b>	<b>2.716.794</b>	<b>2.543.665</b>	<b>2.673.802</b>
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	839.062	696.356	828.385
<b>Totale utlån inkl. porteføljen i EBK</b>	<b>3.555.856</b>	<b>3.240.021</b>	<b>3.502.187</b>



## NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttet kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttet kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2022	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
<b>Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet</b>				
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	255	681	1.343	2.279
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	17	-66	-83	-132
Overføringer til steg 2	-21	299	0	278
Overføringer til steg 3	0	0	36	36
Endringer som følge av nye eller økte utlån	27	0	0	27
Utlån som er fraregnet i perioden	-18	-34	-214	-266
Konstaterte tap				0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-41	-31	16	-55
Andre justeringer	140	4	-5	140
<b>Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2022</b>	<b>359</b>	<b>854</b>	<b>1.094</b>	<b>2.307</b>

31.03.2022	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
<b>Brutto utlån til kunder - personmarkedet</b>				
Brutto utlån pr. 01.01.2022	1.962.106	92.294	18.236	2.072.635
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	17.937	-15.265	-2.671	0
Overføringer til steg 2	-62.986	62.986	0	0
Overføringer til steg 3	-1.458	0	1.458	0
Nye utlån utbetalt	200.722	3.534	28	204.284
Utlån som er fraregnet i perioden	-146.614	-12.116	-3.303	-162.033
Konstaterte tap				-82
<b>Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2022</b>	<b>1.969.706</b>	<b>131.432</b>	<b>13.666</b>	<b>2.114.804</b>

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	749	1.182	3.580	5.511
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	27	-199	0	-172
Overføringer til steg 2	-30	191	0	161
Overføringer til steg 3	-1	0	405	403
Endringer som følge av nye eller økte utlån	55	30	2	87
Utlån som er fraregnet i perioden	-41	-101	-15	-157
Konstaterte tap			-1.920	-1.920
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-14	-185	1	-199
Andre justeringer	-35	0	0	-35
<b>Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2022</b>	<b>710</b>	<b>917</b>	<b>2.053</b>	<b>3.680</b>

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	521.354	76.842	10.762	608.958
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	12.946	-12.946	0	0
Overføringer til steg 2	-19.368	19.368	0	0
Overføringer til steg 3	-3.677	0	3.677	0
Nye utlån utbetalt	37.037	7	0	37.044
Utlån som er fraregnet i perioden	-27.683	-6.058	-3.618	-37.359
Konstaterte tap			-666	-666
<b>Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2022</b>	<b>520.608</b>	<b>77.214</b>	<b>10.155</b>	<b>607.977</b>

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	75	111	15	201
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	0	-4	0	-4
Overføringer til steg 2	-2	144	0	142
Overføringer til steg 3	-1	-1	392	391
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	36	7	0	43
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-20	-37	-1	-59
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-3	9	0	6
Andre justeringer	66	0	6	72
<b>Nedskrivninger pr. 31.03.2022</b>	<b>151</b>	<b>229</b>	<b>412</b>	<b>792</b>

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	131.337	39.064	619	171.020
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	111	-111	-0,0	0
Overføringer til steg 2	-4.780	4.780	-707	-707
Overføringer til steg 3	-400	-707	1.107	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	25.390	0	0	25.390
Engasjement som er fraregnet i perioden	-5.907	-5.197	1.918	-9.186
<b>Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2022</b>	<b>145.750</b>	<b>37.829</b>	<b>2.937</b>	<b>186.517</b>

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	31.03.2022	31.03.2021
Nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	4.924	1.198
Økte nedskrivninger i perioden	1	72
Nye nedskrivninger i perioden	441	1.084
Tilbakeføring av nedskrivninger fra tidligere perioder	-300	-300
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-1.919	-548
<b>Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden</b>	<b>3.147</b>	<b>1.506</b>

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-1.683	312	3.718
Endring i perioden i steg 3 på garantier		0	-18
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	470	153	-1.254
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	2.584	1.202	1.202
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3		45	74
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-82	-66	-60
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-32	-8	-60
<b>Tapkostnader i perioden</b>	<b>1.258</b>	<b>1.638</b>	<b>3.602</b>

## NOTE 8 – Segmentinformasjon

RESULTAT	1. kvartal 2022				1. kvartal 2021				2021			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>10.999</b>	<b>3.305</b>		<b>14.304</b>	<b>9.410</b>	<b>2.814</b>		<b>12.223</b>	<b>40.407</b>	<b>11.422</b>		<b>51.829</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			0	0			185	185			2.870	2.870
Netto provisjonsinntekter			4.570	4.570			3.896	3.896			19.198	19.198
Inntekter verdipapirer			-248	-248			-65	-65			965	965
Andre inntekter			201	201			229	229			606	606
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.523</b>	<b>4.523</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.245</b>	<b>4.245</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>23.639</b>	<b>23.639</b>
Lønn og andre personalkostnader			6.604	6.604			5.622	5.622			20.086	20.086
Avskrivinger på driftsmidler			392	392			477	477			1.830	1.830
Andre driftskostnader			4.905	4.905			4.713	4.713			19.409	19.409
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11.901</b>	<b>11.901</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10.812</b>	<b>10.812</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>41.325</b>	<b>41.325</b>
Tap på utlån	142	-1.400		-1.258	-343	-1.295		-1.638	-1.073	-2.529		-3.602
Gevinst aksjer				0				0				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>10.856</b>	<b>4.705</b>	<b>-7.379</b>	<b>5.668</b>	<b>9.067</b>	<b>1.518</b>	<b>-6.567</b>	<b>4.019</b>	<b>39.333</b>	<b>8.893</b>	<b>-17.686</b>	<b>30.541</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Utlån og fordringer på kunder	2.112.497	604.297		2.716.794	1.980.132	563.533		2.543.665	2.070.356	603.446		2.673.802
Innskudd fra kunder	1.749.865	500.399		2.250.265	1.600.302	507.929		2.108.231	1.658.032	512.258		2.170.290

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir fulgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarkedet. Etter banken sin vurdering, ligg det ikkje føre vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som går inn i hovudmarkedene til banken.

Banken opererer i et geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsmasjon.

## NOTE 9 – Verdipapir

31.03.2022	NIVÅ 1			NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
<b>Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi</b>						
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet				253.843		253.843
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet				109	10.245	10.354
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader					80.500	80.500
<b>Sum</b>				<b>-</b>	<b>253.953</b>	<b>90.745</b>

<b>Avstemming av nivå 3</b>	<b>Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter</b>	<b>Virkelig verdi over resultatet</b>
Inngående balanse 01.01	56.250	10.245
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	3.571	
Investering	20.679	
Salg		
<b>Utgående balanse</b>	<b>80.500</b>	<b>10.245</b>

### Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingsmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsvardiar.

Nivå 3 er verdier som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einiskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verddivurdering blir halde opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs,

sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen. Til saman utgjer desse aksjane 75,33 mill. kroner av totalt 90,74 mill. kroner i nivå 3.

31.03.2021				Sum
Verdsettshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		265.788		265.788
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet				-
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			57.647	57.647
<b>Sum</b>	-	<b>265.788</b>	<b>57.647</b>	<b>323.435</b>

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	46.952	28.410
Realisert gevinst/tap		(144)
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		(24)
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	463	
Investering		185
Salg		(18.194)
<b>Utgående balanse</b>	<b>47.415</b>	<b>10.232</b>

## NOTE 10 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2022	Bokført verdi 31.03.2021	31.12.2021	Rente- vilkår
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000		23.089		3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.057	50.035	50.043	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000		50.160		3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.184	50.130	50.156	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.147	50.101	50.124	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.104	50.062	50.090	3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.055		50.040	3m Nibor + 56 bp
NO0011125577	13.10.2021	13.10.2026	50.000	50.182		50.143	3m Nibor + 64 bp
<b>Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer</b>				<b>300.730</b>	<b>273.576</b>	<b>300.597</b>	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2022	Bokført verdi 31.03.2021	31.12.2021	Rente- vilkår
<b>Ansvarlig lånekapital</b>							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.105	40.087	40.105	3m Nibor + 185 bp
<b>Sum ansvarlig lånekapital</b>				<b>40.105</b>	<b>40.087</b>	<b>40.105</b>	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2021	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2022
Obligasjonsgjeld	300.597	0	0	133	300.730
<b>Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer</b>	<b>300.597</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>133</b>	<b>300.730</b>
Ansvarlige lån	40.105	0	0	0	40.105
<b>Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner</b>	<b>40.105</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>40.105</b>



## NOTE 11 – Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkursfond	0	0	0
Sparebankens fond	347.553	326.542	349.357
Gavefond	0	0	0
Utevningsfond	0	0	0
Fond for urealiserte gevinster	10.485	9.483	8.681
<b>Sum egenkapital</b>	<b>358.038</b>	<b>336.025</b>	<b>358.038</b>
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-345	-323	-321
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Fradrag i ren kjernekapital	-47.707	-21.348	-28.104
<b>Ren kjernekapital</b>	<b>309.987</b>	<b>314.354</b>	<b>329.613</b>
Fondsobligasjoner	0	0	0
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>309.987</b>	<b>314.354</b>	<b>329.613</b>
Ansvarlig lånekapital	40.000	40.000	40.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>40.000</b>	<b>40.000</b>	<b>40.000</b>
	0	0	
<b>Netto ansvarlig kapital</b>	<b>349.987</b>	<b>354.354</b>	<b>369.613</b>
	<b>31.03.2022</b>	<b>31.03.2021</b>	<b>31.12.2021</b>
<b>Eksponeringskategori (vektet verdi)</b>			
Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	9.810	8.223	9.816
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	0	2.256	1.501
Foretak	111.220	70.162	109.702
Massemarked	0	0	0
Pantsikkerhet eiendom	1.248.813	1.130.584	1.201.817
Forfalte engasjementer	26.893	37.239	27.610
Høyrisiko engasjementer	21.517	77.466	20.466
Obligasjoner med fortrinnsrett	16.594	18.233	16.703
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	9.618	13.962	3.511
Andeler verdipapirfond	0	0	0
Egenkapitalposisjoner	44.362	42.127	44.340
Øvrige engasjementer	77.356	93.424	82.877
CVA-tillegg	0	15	3
<b>Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>1.566.182</b>	<b>1.493.693</b>	<b>1.518.347</b>
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	132.767	121.695	132.767
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>1.698.949</b>	<b>1.615.388</b>	<b>1.651.114</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>20,60 %</b>	<b>21,94 %</b>	<b>22,39 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>18,25 %</b>	<b>19,46 %</b>	<b>19,96 %</b>
<b>Ren kjernekapitaldekning i %</b>	<b>18,25 %</b>	<b>19,46 %</b>	<b>19,96 %</b>

## Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eigarandel på 0,67 % i Eika Gruppen AS og på 0,73 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
<b>Ren kjernekapital</b>	<b>351.844</b>	<b>332.846</b>	<b>353.795</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>356.702</b>	<b>336.478</b>	<b>358.309</b>
<b>Ansvarlig kapital</b>	<b>402.814</b>	<b>381.053</b>	<b>403.992</b>
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>1.991.306</b>	<b>1.829.563</b>	<b>1.913.458</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>20,23 %</b>	<b>20,83 %</b>	<b>21,11 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>17,91 %</b>	<b>18,39 %</b>	<b>18,73 %</b>
<b>Ren kjernekapitaldekning i %</b>	<b>17,67 %</b>	<b>18,19 %</b>	<b>18,49 %</b>
<b>Uvektet kjernekapitalandel i %</b>	<b>8,61 %</b>	<b>8,92 %</b>	<b>8,89 %</b>

## NOTE 12 – Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.